

## Tilrådingar og utdjupande kommentarar til tiltakslista frå Faggruppe-Ferdse

Denne teksta er eit utkast til følgeskrivet som Faggruppe-Ferdse skal sende over til prosjektgruppa 15. september saman med tiltakslista. Følgeskrivet vil utdjupe og kommentere dei viktigaste tilrådingane faggruppa har gitt gjennom tiltakslista.

### Bakgrunn og rammer for arbeidet

Medlemmane i Faggruppe-Ferdse vart utpeikt av Statsforvalteren i Agder, og faggruppa var operativ frå 16. mars. Eit mellombels mandat for arbeidet i gruppa var klar til 16. mars, men endeleg mandat låg føre 10. mai. Faggruppa skal legge fram ei liste over aktuelle tiltak til prosjektgruppa innan 15. september. Utforming av tiltakslista går fram av mandatet.

Faggruppa har hatt desse medlemmane:

Alf Odden, SVR

Per Ketil Omholt, Statsforvalteren i Agder

Katrine Skajaa Gunnarsli, Agder FK

Preben Falck, Stavanger turistforening

Bjørn Andersen Steinsland , DNT Sør

Svein Olav Stegarud , Setesdal Ryfylke villreinlag

Torleif Homme , Setesdal Austhei villreinlag

Kristian Steine , Suldal Fjellstyre

Tom Olav Trydal , Bykle fjellstyre

Magnar Viga, Hjelmeland fjellstyre

### Kunnskapsgrunnlaget

Sluttrapportane frå dei to GPS-merkeprosjekta, sluttrapport frå klassifisering etter kvalitetsnormen, GPS-data frå [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no) NINA-rapportar frå ferdsestelljingar og simuleringar, ferdsestelljingar frå SVR og Statskog, ferdseldata samla inn av faggruppa. Liste over referansar kjem til slutt i dette dokumentet.

### Arbeidet i faggruppa

Faggruppa har hatt to fysiske møte (Bykle 16-17. mars og Haukeliseter 30.08) og fem fellesmøte på teams (20. april, 9. mai, 6. juni, 23. juni og 11. september) og. Det har og vore egne teamsmøte om Storsteinen 15. juni og Øyuvsbu 16. juni.

Faggruppeleiar har hatt jamleg kontakt med andre faggrupper for å gjere nødvendige avgrensingar mot arbeidet i andre grupper. Dei viktigaste avgrensingane er at tiltak knyt til ferdsel på anleggsvegar og vasskraftmagasin er lagt til Faggruppe-Vasskraft, og at tiltak knyt til ferdsel i Setesdal-Austhei i hovudsak er lagt til faggruppa for dette område.

Mange av medlemmene har lagt ned eit omfattande arbeid med og samle inn overnattingstal for turisthytter, statskoghytter og fjellstyrehytter i villreinområde. Denne oversikta er relativt komplett og vil ha stor verdi i det vidare arbeidet med utarbeiding og gjennomføring av tiltaksplanen.

### Faggruppas interne rammer og avgrensingar for arbeidet

Det er den samla belastninga som er viktig. Faggruppa har derfor sett på alle former for ferdsel og motorferdsel som kan medføre forstyrning i villreinområde. Ferdsel vil i denne samanhengen derfor omfatte aktivitet både i samband med næringsverksemd i vid forstand og ulike former for friluftsliv.

Ein har prioritert å sjå på tiltak som er lokalisert i og rett ved fokusområda som vart identifisert i samband klassifiseringa etter kvalitetsnorm for villrein. Desse fokusområda er kartfesta i denne lenka <https://villrein.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=5041824001f8491989ebcb35b21a1b97>

Tiltaka skal presenterast gjennom eit omfattande alternativ, eit 0-alternativ og eit eller fleire mellomalternativ. Faggruppa skal søke konsensus i sine tilrådingar til prosjektgruppa. Der dette ikkje er mogleg skal det stemmast over dei ulike alternativa. Stemmegjevinga skal komme fram i tilrådinga.

### Oppsettet av tiltakslista

Tiltakslista sendast over i form av ei Excel fil. Første fane inneheld alle tiltaka i tilfeldig rekkefølge. Andre fane inneheld tiltak som alt er gjennomført, mens tredje fane inneheld tiltak som er vurdert, men kor det ikkje er aktuelt med vidare oppfølging.

Dei konkrete tiltaka på tiltakslista har tre hovudkjelder; Sluttrapporten frå andre GPS-merkeprosjektet (Strand m.fl 2019) og oppfølginga av denne (Romtveit m.fl 2021), forslag frå medlemmene i Faggruppe-Ferdsel, samt forslag som har komme inn gjennom den opne innspelsløyninga eller under Heiplansamlinga 19-20 juni. Ei fullstendig oversikt over innkomne forslag i innspelsløyninga kan du lese i denne lenka [tiltaksplan-villrein---eksterne-innspill-fra-nettside---samlet-22.7.2023.pdf \(statsforvalteren.no\)](#). Tiltaka foreslått gjennom innspelsløyninga er markert med ID nummer. Tiltak frå medlemmene i Faggruppe-Ferdsel er markert med FF.

### Konkrete tilrådingar av tiltak

Under denne overskrifta kjem faggruppas tilråding til prosjektgruppa. Alle tiltak på tiltakslista er vurdert, men berre dei viktigaste er omtala i følgeskrivet. For å lette framstillinga blir ein del enkelttiltak behandla saman. Nokre tiltak er samla tematisk, mens andre er samla geografisk. Der faggruppa si tilråding ikkje er einstemmig vil dette gå tydeleg fram.

Tilrådde tiltak er ikkje i alle tilfelle tilstrekkeleg forankra i organisasjonane deltakarane kjem frå. Det føresetast at det blir ein open høyringsprosess av tiltaksplanane.

Faggruppa har først og fremst vurdert effekten tiltaka vil ha for villreinen. Tiltaka er i ulik grad veid og vurdert i forhold til andre samfunnsinteresser som eksempelvis beitenæringa, friluftsliv og reiseliv. Faggruppa meiner at endeleg veving av ulike omsyn og prioritering av tiltak, må ligge til prosjektgruppe og styringsgruppe.

### Blåsjøområde

I løpet av dei siste 30 åra har trekket nord-sør på austsida av Blåsjø nærast gått ut av bruk, og har medført at villreinstamma i Setesdal Ryfylke er delt i to delbestandar. Aust-vest trekket til vestsida av

Blåsjø og Svartevassmagasinet har fungert dårleg i same tidsperiode og har medført at områda i vest har vore lite brukt av villreinen.

Årsaka ligg først og fremst i magasinerna Blåsjø og Svartevatnet med tilhøyrande tekniske inngrep. Ferdslar i resttrekka frå mange ulike brukargrupper utgjer ei tilleggsbelastning. Dei viktigaste kjeldene til ferdslar og forstyring i trekkpassasjane er Statkraft og Statnett si verksemd, syklistar på Blåsjøveggen, tilsyn og samling av sau, jakt og fotturisme.

Villreinens manglande trekk gjennom Steinbuskardområde og sterkt reduserte bruk av sommarbeita i vest er hovudårsaka til at villreinområde kom ut som raudt for delnorm 3 «Leveområde og menneskelig påvirkning» i klassifiseringa etter kvalitetsnormen.

## **Stavanger turistforening sitt løypenett ved Blåsjø**

### Tilråding frå faggruppa

Turisthytta Storsteinen flyttast enten 1,7 km nordover i Storsteindalen eller 3 km vestover på Storsteinheia. Dagens to hytter med til saman 34 sengeplassar byttes ut med ei hytte med 16 sengeplassar og sikringshytte med 4. Løypa mellom Hovatn og nye Storsteinen leggst om til å gå over Storevassdammen. Stavanger turistforening sin hovudrute vidare mot sør vil nå gå om Eidavatn, Nilsebu, Grautheller til Lysebotn eller Ådneram. Løypene Storsteinen-Kringlevatn leggst ned. Denne nedlegginga er for ein prøveperiode på 5 år. Effekten evaluerst i prøveperioden. Løypene Storsteinen-Litle Aurådal og Storevassdammen-Djupetjørn leggst ned, også dette for ein prøveperiode på 5 år.

Supplerande tiltak som kan vurderast er å flytte Eidavatn, som uansett skal renoverast, om lag 2 km lenger vest. Ei flytting av Hovatn til ei plassering nærare Blåsjø kan og vurderast. Flytting av desse to hyttene er særleg aktuelt om ein skulle velje den vestlegaste plasseringa for hytta ved Storsteinen. Omlegging av desse rutene vil bli supplert med informasjonstiltak og anna styring av ferdslen, slik at meir av aktiviteten til Stavanger turistforening trekkast vestover. Mellom anna vil konseptruta "Ryger" leggst om, slik at ho fyljer rutenettet om Nilsebu til Lysebotn. Dette rutenettet vil også gje rom for gode rundurar frå Ådneram eller frå Hjelmeland, slik at fleire besøkande vil velje slike turar framfor nord-sør ruta som i større grad går gjennom dei kritiske villreinområda rundt Steinbuskaret. Vinterrutene er ikkje endeleg avklart, men også desse kan måtte leggst om slik at kvisting av langruta nord-sør kan halde fram.

Saman med andre tiltak ved Blåsjø vil truleg denne omlegginga av hytte- og løypenettet være nok til å få opp att villreinens trekkaktivitet nord-sør og aust-vest. Desse tiltaka har ikkje like store konsekvensar for Stavanger turistforening som ei fullstendig flytting av løypenettet til vestsida av Blåsjø. Tiltaka vil og være enklare å gjennomføre enn ei fullstendig flytting, som er møtt med motstand frå grunneigarinteresser på vestsida. Faggruppa tilrår difor å ikkje prioritere forslaget om ein fullstendig flytting av STF sitt rutenett frå austsida til vestsida av Blåsjø.

Villreinjakt handterast av arbeidsgruppe for bestandforvaltning, men forslaget om jaktforbod er en viktig del av heilskapen for å få på plass en løysing for området rundt Storsteinen som kan få oppslutning og forståing også frå friluftsiinteressene. Spesielt er det viktig at områda langs løypa frå Storsteinen til Litle Aurådal (Auråhorten) og Kringlevatn (Skorpeskardet) stenges for både villrein- og småviltjakt i den prøveperioden stien skal stenges. Berre slik vil man få et område der villreinen kan trekke fritt hele året. Tiltak frå vasskraftgruppe knyt til regulering av ferdslar på anleggsvegane ved Blåsjø er og ein del av dette bilete.

Med denne samrøystes tilrådinga frå faggruppa kan ein kanskje sjå slutten på diskusjonen om Storsteinen som har gått føre seg i meir enn 30 år.

### Brokke-Suleskardvegen og Øyuvsbu med tilhøyrande løypenett

Brokke-Suleskardvegen utgjer i dag ei fullstendig barriere for forstringsflokkane den tida den er open (20. mai – 1. november). Bukkar vil til ein viss grad krysse vegen i opningstida.

Biltrafikken er hovudårsaka til av vegen ikkje kryssast, men og vandringshinder som bratte vegskjeringar, vegfenderar og tekniske installasjonar er medverkande årsaker. I tillegg kjem ferdsel ut frå vegen frå mange brukargrupper (sauesamling, jakt, fotturisme).

Områda ved og sør for Brokke-Suleskardvegen har tradisjonelt vore det sentrale vinterbeiteområde for villreinstamma. Dei siste 30 åra har vinterbeite vore konsentrert i område på begge sider av vegen, mens områda lenger sør i liten grad har vore brukt.

Dyra kjem må ned til Brokke-Suleskardvegen i oktober, men kryssar ikkje før vegen stenger 1. november. Tidspunktet dyra kjem ned til vegen varierer litt frå år til år, men ein kan rekne med at trekket over vegen blir 2-4 veker forsinka. Denne forseinkinga medfører truleg at villreinen trekker sørover i mindre omfang enn den elles ville gjort.

Områda aust for Rosskreppfjorden har tradisjonelt vore eit viktig sommar- og haustbeiteområde, men dei siste 30 åra har villreinens bruk av desse områda vore svært avgrensa. Dette medfører både tap av beiteområde og at dyra kjem seinare ned til Brokke-Suleskardvegen. Årsaka til dette er truleg omfattande forstyrring frå ferdsel knytt til fleire brukargrupper. Dette gjeld særleg ferdsel ut frå hytteområda i Brokke og Everdalen, tilsyn og samling av sau, jakt og fotturisme. Mykje av ferdsla skjer på DNT Sør sitt løypenett på rutene Everdalen/Øyuvsbu-Svartenut-Bossbu.

Det må og påpeikast at den store mengda sau (om lag 7500) som beitar i område kan ha ein negativ innverknad på villreinens bruk av område i tidsrommet ca 15. Juni – 15. September.

Villreinens manglande utnytting av vinterbeiteområda i sør er ein medverkande årsak til at villreinområde kom ut som raudt for delnorm 3 «Leveområde og menneskelig påvirkning» i klassifiseringa etter kvalitetsnormen.

## **Brokke-Suleskardvegen**

### Tilråding frå faggruppa

Brokke-Suleskardvegen stengast 15. oktober. Det nye stengetidspunktet kan eventuelt gjelde for ein prøveperiode på 5-10 år med tilhøyrande evaluering. Det er svært viktig at villreinens trekk til vinterbeiteområda i sør kan gjennomførast før 1. november.

Fleirtalet bestående av sju gruppemedlemar stemte for dette alternativet.

Tre gruppemedlem stemte for alternativet med stenging 15. oktober kombinert med tidlegare opning (frå 5. mai og framover avhengig av snøforholda).

Eit gruppemedlem stemte for alternativet med å oppretthalde av dagens stenge/opne tidspunkt.

På lenger sikt vil vegtunell være ei svært god løysing for villreinen. Ein slik tunell må da være kombinert med eit stopp- og parkeringsforbod langs vegen (utanom faste plassar) for perioden 1. oktober – 1. juni.

Ei fullstendig stenging av Brokke-Suleskardvegen blir vurdert til å ha så store negative konsekvensar for lokalbefolkning og næringsliv at faggruppa ikkje ønskjer å tilrå dette tiltaket.

Alle private parkeringsplassar langs Brokke-Suleskardvegen skal kunne stengast med kjetting. Plassar kor det er mogleg med villparkering på utsida av vegen skal gravast bort.

Vegfenderar skal fjernast på stader kor dei er til hinder for villreinen og tiltaket er mogleg og gjennomføre i høve til trafikktryggleik.

Agder fylkeskommune må så fort som råd planlegge og gjennomføre desse tiltaka. Kommunar, grunneigarar og organisasjonar må takast med på råd. Det må og utarbeidast ei opplegg for informasjon om tilgjengeleg parkeringsplassar/rasteplassar, ferdsel og villrein langs Brokke-Suleskardvegen.

To gruppemedlem støtter ikkje fleirtalets tilråding om stenging og fjerning av parkeringsmoglegheitene langs Brokke-Suleskardvegen utan kompensierende tiltak for parkering andre stader langs vegen. Dei har desse supplerande kommentarane:

Vegen over Brokke – Suleskar er viktig ikkje berre for samferdsel, men også for friluftsbuk og folkehelse. Det er mange tusen hytter i både Sirdal og Setesdal som nyttar denne vegen som innfallsport til fjellet, i tillegg til friluftsfolk frå heile regionen. Stenging av parkeringsplassar langs vegen utan kompensierende tiltak andre stader vil føre til ulovleg parkering, trafikkaos og misnøye. Det er og grunn til å frykta for trafikktryggleiken.

Også mindretalet ser at det av omsyn til villreinen kan vera eit godt tiltak å stenga parkeringsplassar på stader der det er særst viktig. Dette bør likevel kombinerast med å byggje nye parkeringsplassar andre stader, kombinert med god tilrettelegging for ferdsel slik at den styrast inn i område der det er mindre kritisk. Om naudsynt kan ein også vurdere sesongstenging av parkeringsplassane for eksempel om hausten på den tida villreinen skal trekke sørover. Det bør vera ein målsetting å legge godt til rette for ferdsel ut frå vegen på stader og tider av året då villreinen ikkje blir uroa.

### **Øyuvsbu og tilhøyrande løypenett**

Tiltak knyt til plassering av turisthytte Øyuvsbu og det tilhøyrande løypenettet har vore drøfta i meir enn 20 år. Fleire prosessar og arbeidsgrupper har sett på problemstillingane utan å finne fram til ei løysing. Dette har skapt ein svært uheldig situasjon for DNT Sør som har måtte bruke store ressursar, utsette nødvendige vedlikehaldstiltak og har gjort det vanskeleg å planlegge eventuelle endringar av hytte- og løypenettet. Det er og uheldig for aktørane i villreinforvaltninga at ein, på tross av stor ressursbruk, ikkje har klart å komme fram til ei løysing som betrar tilhøva for villreinstamma.

Heller ikkje Faggruppe-Ferdsel har klart å einast om ei felles tilråding. Drøftingane i faggruppa har likevel vore konstruktive, og mot slutten av prosessen kom drøftingane inn på eit spor som kan føre fram. Det er derfor sterkt ønskjeleg at drøftingane i faggruppa kan halde fram utover hausten 2023.

## Tilråding frå faggruppa

Faggruppa drøfta tiltak knytt til Øyuvsbu , men klarte ikkje å komme fram til ei felles tilråding. I staden delte stemmegivinga seg på tre av alternativa i tiltakslista.

### *Fleirtalets si tilråding*

Heile DNT Sør sitt løypenett på austsida av Rosskreppfjorden flyttast til vestsida og koplast på Stavanger turistforening sitt løypenett frå Taumevatn. Turisthyttene Øyuvsbu, Håheller og Svartenut, samt løypene mellom dei leggst ned. Ny turisthytte som skal erstatte Øyuvsbu byggast ved Flogevatn. Løypa mellom Gaukhei og Flogevatn leggst på vestsida av Hyttehei og det byggast ny bru over Rogelåni. Det etablerast ei løype nordover frå hytta ved Flogevatn til løypa gjennom Ramsdalen. Ålmentas tilgang til parkeringsplassen til Øyuvsbu takast bort.

Fem gruppemedlemmane stemte for dette alternativet.

### *Mindretalstilråding I*

Heile DNT Sør sitt løypenett på austsida av Rosskreppfjorden (Øyuvsbu- Bossbu) flyttast lenger aust ut mot kanten av heia. Turisthyttene Øyuvsbu, Håheller og Svartenut, samt løypene mellom dei leggst ned. Det byggast ei ny turisthytte på ein eigna stad aust for dagens løypenett og løypa Tjønndalen-Øyuvsbu leggst om til den nye hytteplasseringa. Det byggast ei ny turisthytte ved Sandviksvatnet eller anna eigna stad sør for Rosskreppdammen. Løypa Øyuvsbu-Sandvatnet leggst ned og ålmentas tilgang til parkeringsplassen til Øyuvsbu takast bort.

Tre gruppemedlem stemte for dette alternativet.

### *Mindretalstilråding II*

Turisthyttene Øyuvsbu og Håheller leggst ned og erstattast av ei ny hytte ved Sandviksvatnet eller anna eigna stad sør for Rosskreppdammen. Løypa nordover mot Svartenut leggst nærare Rosskreppfjorden til litt forbi Øvre Kleivi. Løypene Øyuvsbu-Øvre Kleivi og Øyuvsbu-Sandvatnet leggst ned. Ålmentas tilgang til parkeringsplassen til Øyuvsbu takast bort.

To gruppemedlem stemte for dette alternativet. Dei har og denne kommentaren til fleirtalet si tilråding:

Dette alternativet gir etter vår mening for store ulemper. Ulemper: Nytt avtrykk av ny hytte ved Flogevatn (større enn ei hytte ved Sandviksvan-et område med allereie oppretta infrastruktur). Det krevst eit nytt overnattingsalternativ mellom Gaukhei og ny hytte. Største ulempa: Vi vurderer at ålmenta framleis kjem til å ønske å bruke austsida av Rosskreppfjorden. Manglande styring og kanalisering på austsida vil kunne få konsekvensar for villreinen til tross for de omfattande tiltaka foreslått.

Dei har og denne kommentaren til Mindretalstilråding I:

Dette alternativet bør inngå i avsnitta om Hytter og løyper og systematisk gjennomgang av framtidens hytte- og løypenett. Alternativet fekk ikkje den tida det fortente i nåverande prosess. DNT Sør er positive til å grundigare vurdere dette alternativet.

## Informasjonstiltak

I dei aller fleste samanhengar er det ikkje ønskjeleg og lovregulere organisert og uorganisert ferdsel til fots. Med dagens lovverk er og moglegheitene til å regulere slik ferdsel sterkt avgrensa. Det vil derfor være svært viktig å nå ut til aktuelle brukargrupper med informasjon for å kunne styre slik ferdsel. Dette vil særleg gjelde informasjon om område eller tidspunkt på året kor ferdsel og forstyrring er særleg kritisk for villreinen. Med god styring av ferdselen gjennom informasjonstiltak er

det ein målsetting å legge til rette for bruk av fjellet på stader og tider av året då det ikkje unødig uroar villreinen.

### Tilråding frå faggruppa

Faggruppa vil tilrå at ansvarlege organisasjonar sett i verk informasjonstiltaka under så fort som råd.

Det må arrangerast møte med turlag, idrettslag, velforeiningar, hytteforeiningar, sogelag og andre organisasjonar som arrangerer fellesturar i villreinområde. Villreinnemnda og Verneområdestyret for SVR tek initiativ til å sette opp ein plan for slike møte og utarbeide eit informasjonsopplegg om villreinen i Setesdal Ryfylke som kan brukast på slike møte. Villreinlaget og kommunane må og bidra i gjennomføringa av møta.

DNT Sør og STF må saman med DNT sentralt utnytte sine eksisterande system til å sette i verk målretta informasjonstiltak mot brukarane av villreinområda, spesielt gjennom ut.no. Alle aktuelle aktørar i villreinområde må bidra med relevant kunnskap. Dette kan mellom anna omfatte:

- Informasjon om villrein og villreinområde som kjem fram ved søk på ut.no.
- OBS-varslar om kalving og ekstraordinære situasjonar som kjem fram ved søk på ut.no.
- Årtidstilpassa informasjon om villrein og villreinområde på ordrebekreftingar ved bestilling av overnatting på hytter.
- Utvikling av digitale kurs om villrein til frivillige, hyttevertskap og tilsette i DNT. Slike kurs kan og gjerast tilgjengelege for ålmenta og promoterast gjennom ut.no.

Turforslag på ut.no som kan medføre ferdsel på stader og/eller tider på året som er svært ugunstig for villreinen må fjernast eller omarbeidast. Det kan i staden leggjast inn nye turforslag i område kor villreinen påverkast i liten grad. Det utpeikast ein liten «redaksjonskomité» med representantar frå DNT, villreinlaget og statsforvalteren som kan gjennomføre dette arbeidet hausten 2023.

### Hytter og løyper

Hytter og løyper vil i mange tilfelle medføre forstyrring av villrein. Kor alvorleg dette forstyrringa er vil avhenge av bruksintensitet og lokalisering i høve til villreinens funksjonsområde. Størst negative konsekvensar for villreinen er forstyrring i trekkområde, vinterbeiteområde og sommarbeiteområde med snøfenner.

### **Systematisk gjennomgang av framtidens hytte- og løypenett**

Arbeidet i Faggruppe-Ferdsel har avdekkja eit stort behov for vidare arbeid med utviklinga av framtidens hytte- og løypenett. Sjølv om delar av løypenettet bli blir belyst gjennom arbeidet med tiltaksplanane, er det stort behov for å sjå meir på både heilskapen i løypenettet og nokre delstrekningar og hytteplasseringar. Dette er eit arbeid som bør gå føre seg parallelt med arbeidet med tiltaksplanane. Når tiltaksplanane skal gjennomførast frå 2025 vil det være svært viktig at konkrete tiltak og blir sett i lys av heile løypenettet.

Ein vil derfor tilrå at Faggruppe-Ferdsel vidareførast for å arbeide med desse problemstillingane. Kvart medlem/organisasjon må vurdere om dei vil delta vidare i arbeidet. Det må og vurderast om nye medlem/organisasjonar bør inviterast til å delta i arbeidet. Den nye gruppa bør ha eit møte etter 15. oktober, kor mandat og rammer for arbeidet bør avklarast. Nokre sentrale tema i arbeidet kan allereie peikast ut.

1. Eit framtidig løypenett må gi mindre forstyrning av villrein. Viktige beite- og trekkområde som peika ut som fokusområde i kvalitetsnormarbeidet skal prioriterast.
2. Område kor hytte- og løypenettet kan vidareutviklast må peikast ut. Dette skal hovudsakleg skje utanfor eller i delar av villreinområde der auka ferdsel ikkje er til skade for villreinen. Løyper som koplar områda i utkanten til løypenettet i høgheia skal ha særleg fokus.
3. Framtidig plassering av turisthytta Øyuvsbu og tilhøyrande løypenett. Drøftingane i faggruppa førte ikkje fram til ei samla tilråding, men var likevel konstruktive. På slutten av drøftingane kunne ein ane konturane av ei løysing så dette arbeidet må følgjast opp.
4. Innkomne innspel om hytter og løyper som ikkje blir avklart gjennom tiltaksplanen må få ei grundig vurdering.

Faggruppa meiner at KLD si formulering brev frå 15.06.2023 (svar på «ordføraropprøret») kan fungere som ei rettesnor for arbeidet. *«Det overordnede formålet er å lage politikk som er positivt for de fleste brukerinteressene i villrein fjellet, og som samtidig kan bidra til en positiv utvikling for villrein.»*

Faggruppa legg dette til grunn som ei føring for de vidare tiltaka som vil bli tilrådd. Positive effektar for villreinen må vegast opp mot andre interesser, og det skal søkast etter tiltak som i minst mogleg grad rammer andre brukarinteresser. Der det er aktuelt med tiltak som i særleg grad rammer allmenne friluftinteresser må kunnskapsgrunnlaget være godt, og det må være stor moglegheit for at tiltaka vil ha positiv effekt for villreinen.

#### Tilråding frå faggruppa

Faggruppe-Ferdsel held fram med sitt arbeid knytt til hytte- og løypenettet i villreinområde. I løpet av hausten 2023 utarbeidast det eit nytt mandat for det vidare arbeidet i gruppa.

### **Omlegging av konseptløypa «Ryger»**

#### Tilråding frå faggruppa

STF bør legge om si konseptløype «Ryger» til å følgje trasen Storsteinen-Eidavatn-Nilsebu-Grautheller-Lysebotn. I staden for dagens trase som følgjer ruta Storsteinen-Kringlevatn-Storevatn-Taumevatn-Ådneram. Dette vil til ein viss grad redusere ferdsel og forstyrninga av villrein i Steinbuskardområdet og på austsida av Svartevassmagasinet.

Utdjupande kommentar frå STF:

- *En slik omlegging kan være mogleg i hovudsak basert på dagens hyttestruktur og etablerte ruter på strekningen Storsteinen-Eidavatn-Nilsebu-Grautheller-Lysebotn.*
- *Hytta på Eidavatn er moden for rehabilitering, kanskje riving og nybygg. Det er ikkje nødvendig med utviding. Dagens hytte har 42 sengeplassar, som er meir enn det som er nødvendig for å dekke behovet. Det bør etablerast ei hovudhytte og sikringshytte, med for eksempel 16+4 sengeplassar. Dersom ein vel ei ny plassering for Storsteinen lenger vest enn dagens hytte, bør Eidavatn flyttast tilsvarande vestover.*
- *Dagens trasse Nilsebu-Grautheller-Lysebotn er ikkje hensiktsmessig for å tene som en hovudtrasse på Ryger, og etappen frå Grautheller til Lysebotn er noko for lang og tung. Rutene mellom hyttene Nilsebu, Grautheller, Litle Aurådal og Lysebotn bør gjennomgåast og leggast om for om mogleg å gjere etappen til Lysebotn lettare, og gi en rasjonell rundturrute.*

- *En mogleg flytting av Eidavatn lenger vest vil gjere det mogleg å flytte tyngdepunktet i STF's rutenett enda lengre mot Hjelmeland, og kanalisere meir av trafikken bort frå de kritisk villreinområda.*

### **Nedlegging, omlegging og nyetablering av turistløyper og hytter**

Det har komme inn forslag gjennom innspelsløyvinga om nedlegging eller flytting av alle løyper ut frå turisthyttene Storsteinen, Storevatn og Bossbu. Det har og komme inn forslag om omlegging av løypestrekningane Haukeliseter-Bleskestadmoen og Jonstøl-Stranddalen. Det har og komme inn forslag om etablering av nye turisthytter- og løyper vest for villreinområde i Hjelmeland. I tillegg har det komme inn forslag om flytting av Josephsbu og tilhøyrande løypenett austover mot Pytten.

Mogleg omlegging av løypa Bossbu-Storevatn/Kringlevatn har vore drøfta utan at ein har konkludert i gruppa. Ei slik omlegging vil truleg være positivt for villreinen, men effekten vil avhenga av kva for løypealternativ som blir valt. Dersom ruta frå Kringlevatn til Storsteinen skal leggest ned, må det vurderast om ruta austover leggest direkte frå Storevatn til Bossbu.

Omlegging av løypa Haukeliseter-Bleskestadmoen til Kvanndalen vil krevje bygging av ny hytte i Kvanndalen. I og med at Kvanndalen ikkje er farbar om vinteren må Holmevasshytta behaldast og vintertrafikken må gå der det går i dag. Det er i utgangspunktet positivt for villreinen at trafikken flyttast lenger vest, men effektar av tiltaket blir redusert når vintertrafikken må gå som i dag og ein får to turisthytter i staden for ei.

Omlegging av løypa Jonstøl-Stranddalen vil krevje bygging av ei ny turisthytte i Kvildalsdalen. Det er ei utgangspunktet positivt for villreinen at trafikken flyttast lenger vest. Effekten av tiltaket vil bli redusert dersom løypenettet framleis skal gå på austsida av Blåsjø. Da vil det framleis gå turistløyper på heile strekninga Jonstøl-Krossvatn/Stranddalen sjølv om trafikken vil bli noko redusert. Ein vil og få to turisthytter i staden for ei. Om løypenettet ved Blåsjø flyttast til vestsida av Blåsjø vil ei omlegging av løypa Jonstøl-Stranddalen til Kvildalsdalen være svært positivt for villreinen.

Etablering av nye turisthytter i områda Bjødnabu/Skorva/Lyngsheia/Vormedalsheia vest i Hjelmeland vil gi attraktive løyper og startpunkt som vil både passe godt til helgeturar og vil kunne koplust på eksisterande løypenett. Slike løyper vil være med på å dra trafikk bort frå område som er viktige for villreinen lenger aust.

Flytting av turisthytta Josephsbu austover til område ved Pytten vil redusere både ferdsel og forstyrring i trekkorridor og vinterbeiteområde ved nåverande Josephsbu. Flyttinga vil og medføre at ferdselen etter korridoren Kvinnen-Josephsbu-Åseral blir redusert. Tiltaket vil derfor gjere det lettare for villreinen og komme lenger sørover om vinteren.

### **Tilråding frå faggruppa**

For Storsteinen sjå eigen sak. For dei andre løypestrekningane vil faggruppa tilrå at desse bli vurdert nærare i det vidare arbeide med ein heilskapleg gjennomgang av det framtidige hytte- og løypenettet. Tiltaket om flytting av Josephsbu er ikkje tilstrekkeleg drøfta i faggruppa. Mogleg plassering av ny hytte ved Pytten og konsekvensar for rutenettet må avklarast og takast inn i det kommande arbeide med framtidias hytte- og løypenett.

## **Maskinpreparerte skiløyper**

Det er sett fram forslag om å avslutte all maskinpreparering av skiløyper i villreinområde og å utsette maskinpreparering av alle skiløyper i område som villreinen brukar fram til påske. Dette vil gjelde løypene; Hovden-Sloaros, Storenos 1, Storenos 2, Brokke-vernegrensa, Skoræ rundt, Skrivarknuten rundt, Knaben-Knaberøysa, Donsen-Kvinen, Hønedalen, Hønedalen-Kvinen, Jogledalen, Jogledalen-Hønedalen og Flatstøldalen. Dei fleste av desse løypene går i område som villreinen brukar som vinterbeite og særleg i perioden januar-mars. Unnataket er områda i Kvinesdal og Åseral som og brukast av villreinen i påska. Sjølv om bruken av løypene er relativt avgrensa tidleg på vinteren vil det være gunstig for villreinen å få ro. Bruken av desse områda vil uansett være relativt stor i påska og da kan den kanalisierende effekten av maskinprepareringa til ein viss grad være positiv. Fleire av desse er mye brukte og populære løyper, slik at stenging vil være kontroversielt. I mange av hytteområda er romjul og vinterferie i dag viktigare høgsesong enn påske. Stenging bør derfor ikkje bestemmast utan nærare medverknad frå råka partar. Ei kartlegging av bruken bør gjennomførast og vurderast opp mot kva for periodar villreinen er mest sårbar. Ulike former adaptiv styring av løypekøyringa kan vurderast.

Gitt CWD situasjonen på Hardangervidda er det på kort sikt ikkje viktig og sikre trekk over Rv 9 mellom Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei. Tiltak knytt til maskinpreparerte løyper i området bør ein derfor vente med til CWD situasjonen er meir avklart.

### Tilråding frå faggruppa

Faggruppa vil ikkje tilrå, at det på det nåverande tidspunkt, blir gjort endringar i praksis for maskinpreparering av skiløyper i villreinområde. Ein bør i første omgang konsentrere seg om å få gjennomført tiltak som har stor betydning for villreinens arealbruk. Når det gjeld forstyrning i vinterbeiteområde meiner faggruppa at det vil være viktigare å få redusert den generelle motorferdsla. Tiltak knytt til maskinpreparering av skiløyper kan takast opp til ny vurdering når andre tiltak er gjennomført.

Eit gruppemedlem stemte for å utsette maskinpreparering av alle skiløyper fram til påske.

For løypa Hovden-Sloaros vil faggruppa tilrå at maskinprepareringa utsettast fram til påske.

Fleirtalet bestod av fem gruppemedlem.

Eit mindretal bestående av tre gruppemedlem stemte for at dagens praksis for løypekøyring skal oppretthaldast. Mindretalet legg vekt på at ein har ein godt fungerande løypeplan for Hovdenområde, og at det i denne planen opnar for maskinpreparering av løypa inn til Sloaros. Å avgrense løypekøyringa til Sloaros kan medføre at heile løypeplanen settast i spel. Ein må derfor prøve ut andre tiltak, og ikkje vurder avgrensingar i løypekøyringa til Sloaros før ein har sett om desse tiltaka verkar.

Eit gruppemedlem stemte for at maskinprepareringa til Sloaros skal avsluttast.

Vedkommande vil og føye til at tida for maskinpreparerte løyper, i område villreinen brukar, snart må være forbi. Berre i heilt perifere randområde kan slike løyper vurderast.

## **Kvisting av skiløyper til turistrytter**

Det er sett fram forslag om å utsette kvisting av turistløyper i særleg viktige vinterbeiteområde til påske. Dette vil dreie seg om løypestrekningane; Hovden-Sloaros, Sloaros-Holmevasshytta, Holmevasshytta-Haukeliseter, Øyuvsbu-Svartenut, Øyuvsbu-Håheller/Taumevatn, Øyuvsbu-Brokke,

Øyuvsbu-Gaukhei, Josephsbu-Kvinen, Josephsbu-Gaukhei, Josephsbu-Ljosland. Dei fleste av desse løypene går i viktige vinterbeiteområde som villreinen brukar i større grad tidleg på vinteren enn frå påske og framover. Unnataket er løypene til Josephsbu kor villreinen og brukar område i påska. Sjølv om bruken av desse løypene er avgrensa perioden vinterferie-påske vil redusert ferdsel og forstyrring være positivt for villreinen. Ei grundig vurdering av bruken av løypene opp mot ulempene for villreinen måtte i så fall gjennomførast, for å få et betre kunnskapsgrunnlag.

#### Tilråding frå faggruppa

Faggruppa vil ikkje tilrå at det blir gjort endringar i praksis for kvisting av løyper til turisthytter i villreinområde. Ein bør konsentrere seg om å få gjennomført tiltak som ein har betre kunnskapsgrunnlag for å slå fast vil ha stor betydning for villreinens arealbruk. Når det gjeld forstyrring i vinterbeiteområde meiner faggruppa at det vil være viktigare å få redusert den generelle motorferdsla.

Eit gruppelem stemte for å utsette kvisting av alle nemnte løyper fram til påske.

#### **Vinterstenging av turisthytter**

Det er sett fram forslag om at turisthyttene Holmevasshytta, Sloaros, Øyuvsbu og Josephsbu skal haldast stengt fram til påske. Alle desse hyttene ligg i viktige vinterbeiteområde kor villreinens bruk er størst tidleg på vinteren. Sjølv om bruken av desse turisthyttene er avgrensa perioden januar-påske vil redusert ferdsel og forstyrring være positivt for villreinen. Ei grundig vurdering av bruken av hyttene opp mot ulempene for villreinen måtte i så fall gjennomførast for å få et betre kunnskapsgrunnlag. Dette tiltaket må sjåast i samanheng med tiltak knyt til kvisting og maskinpreparering av løyper til hyttene.

Det er og sett fram forslag om at turisthytta Øyuvsbu stengast alt frå 15. oktober dersom Brokke-Suleskardvegen blir stengt på dette tidspunktet. Dette vil gjere det mogleg for villreinen å krysse vegen før 1. november. I tillegg er det sett fram forslag om at turisthytta Svartenut stengast frå 1. oktober dersom Brokke-Suleskardvegen blir stengt 15. oktober. Dette vil gjere det lettare å være i posisjon til å krysse Brokke-Suleskardvegen 15. oktober.

#### Tilråding frå faggruppa

Faggruppa vil ikkje tilrå blir innført vinterstenging eller hauststenging av nemnte turisthytter. Ein bør konsentrere seg om å få gjennomført tiltak som ein har betre kunnskapsgrunnlag for å slå fast vil ha stor betydning for villreinens arealbruk. Når det gjeld forstyrring i vinterbeiteområde meiner faggruppa at det vil være viktigare å få redusert den generelle motorferdsla.

Eit gruppelem stemte for å innføre vinter- og hauststenging av nemnte turisthytter.

#### **Vår- og hauststenging av turisthytter**

Det har komme inn forslag gjennom innspelsløysinga om stenging av turisthyttene Bossbu, Svartenut, Stavskar og Storevatn i periodane mars-juni og august-oktober.

#### Tilråding frå faggruppa

Faggruppa vil ikkje tilrå stenging av turisthyttene Bossbu, Svartenut, Stavskar og Storevatn i periodane mars-juni og august-oktober. Etter faggruppas vurdering er bruken av desse turisthyttene såpass låg i

dei aktuelle periodane at desse tiltaka ikkje er nødvendig slik situasjonen er i dag. Tiltaket vil og ha svært store negative konsekvensar for turistforeiningane si drift og tilbodet til ålmenta. Sjå omtale av Øyuvsbu og Svartenut i punktet over.

### **Sommarstenging av statsskog og fjellstyrehytter**

Det er sett fram forslag om at hytter som er plassert i eller like ved viktige trekkpassasjer skal stengast for bruk fram til jakta startar 19. august. Dette gjeld Grjotdalsneset (Suldal fjellstyre), Urevasskilen og Blåbergåskilen (Bykle fjellstyre), Urdalsbu, Sandvassbu, Såvasshytta og Smalevassbu (Statsskog). Det er og sett fram forslag om å rive desse hyttene. Sjølv om bruken av desse hyttene er svært avgrensa perioden juni-august vil redusert ferdsel og forstyrning kunne være positivt for villreinen.

Det er og sett fram forslag om at statsskoghyttene som ligg på austsida av Rosskreppfjorden (Urdalsbu, Grunnevassbu, Skrubbsbu) stengast frå 1. oktober dersom Brokke-Suleskardvegen blir stengt 15. oktober. Redusert ferdsel og forstyrning i dette område vil gjere det lettare for villreinen og være i posisjon til å krysse Brokke-Suleskardvegen 15. oktober.

Småviltjakt har ikkje betydning for forvaltning av villreinbestanden, men medfører ferdsel i sårbare områder, ofte utanfor etablerte stiar og andre tiltak for kanalisering av ferdsel. Jakta medfører truleg ein relativt omfattande ferdsel i en konsentrert periode, og på en tid på året da det er lite annan ferdsel i fjellet. I områder der det blir gjennomført stenging av stiar og hytter eller innførast andre avgrensingar av almen ferdsel, bør også småviltjakt stanses for å unngå ferdselen som dette medfører.

### Tilråding frå faggruppa

Faggruppa tilrår at statsskoghyttene Urdalsbu og Såvasshytta heldast stengt om sommaren fram til 19. august når jakta startar. Hyttene har ein del bruk om sommaren og ligg plassert midt i villreintrekk. Ei slik sommarstenging vil derfor kunne medføre mindre forstyrning i viktige trekkorridorar. Ei slik stenging vil og kunne redusere forstyrning av villrein i det viktige sommararbeite rundt Urdalsknuten. Statsskog har på eige initiativ innført ei slik sommarstenging av Urdalsbu og Smalevassbu frå 2023.

Faggruppa vil ikkje tilrå, at det på det nåverande tidspunkt, blir innført sommarstenging av andre statsskog- og fjellstyrehytter. På grunn av det svært låge sommarbruken av hyttene blir ikkje riving eller flytting av desse hyttene vurdert som nødvendig slik situasjonen er i dag. Ein bør i første omgang konsentrere seg om å få gjennomført tiltak som har stor betydning for villreinens arealbruk. Tiltak knytt til sommar av statsskog- og fjellstyrehytter kan takast opp til ny vurdering når andre tiltak er gjennomført.

Eit gruppedlem stemte for å innføre sommarstenging av nemnte hytter.

Faggruppa vil ikkje tilrå, at det på det nåverande tidspunkt, blir innført stenging av statsskoghyttene på austsida av Rosskreppfjorden frå oktober. Bruken av desse hyttene blir vurdert til å være så låg at slik stenging ikkje er nødvendig slik situasjonen er i dag. Ein bør i første omgang konsentrere seg om å få gjennomført tiltak som har stor betydning for villreinens arealbruk. Tiltak knytt til hauststenging av statsskog- og fjellstyrehytter kan takast opp til ny vurdering når andre tiltak er gjennomført.

Eit gruppedlem stemte for at nemnte hytter skal stengast frå 1. oktober.

## **Gjere om sjølvbetente turisthytter til ubetente turisthytter**

Det har komme inn forslag gjennom innspelsløyninga om å gjere om sjølvbetente turisthytter til ubetente turisthytter i område som er særleg viktige for villreinen. Forslaget betyr at hyttene vert opne som i dag, men at dei ikkje blir utstyrt med proviant. Forslaget er meint å redusere motorisert ferdsel for transport av provianten, og kunne også tenkast å ha den verknad at besøket gjekk noko ned.

### Tilråding frå faggruppa

Faggruppa anbefaler ikkje å gå vidare med dette forslaget. Transport av proviant utgjer ein liten del av transporten til hyttene, og andre tiltak med betre koordinering og samordning kan betre få redusert denne. Dette arbeidar turistforeiningane allereie med. Å ta bort mattilbodet vil være ein ulempe for fotturistane, og kunne nok tenkast å ha som verknad at færre tok turen. Likevel er et slik tiltak særst lite treffsikkert. Det vil ramme friluftslivet både på tider og stader der det kan gå føre seg utan store forstyrringar for villrein, og i meir kritiske områder. Turistforeiningane kan meir målretta styre besøket gjennom informasjonstiltak og anna, som vil være eit tema i det vidare arbeidet med ein samla plan for sti- og hyttenettet

### Arrangement og organisert ferdsel

Kvart år gjennomførast det mange ulike arrangement og organiserte turar i villreinområde. Mange av desse vil ikkje medføre nemneverdig forstyrring av villreinen, men det er og arrangement og turar som blir lagt til stader eller tidspunkt kor villreinen burde ha fred og ro.

### **Idrettsarrangement**

Det er sett fram forslag om å legge ned alle idrettsarrangement i områda som villreinen brukar. Dette vil gjelde turrenna Sesilåmi og Skoræ rundt, samt stiløpet Hovden Ultra. Desse arrangementa medfører ei unødig forstyrring som bør unngåast. Særleg alvorleg er Sesilåmi som går gjennom eit viktig vinterbeiteområde og medfører auka forstyrring over ein periode på to veker.

### Tilråding frå faggruppa

Fleirtalet på fem gruppedlem ønskjer ikkje at turrennet Sesilåmi skal leggest ned, men vil be Verneområdestyret for SVR om å avgrense dispensasjonen til motorferdsel for arrangementet frå 2 til 1 veke.

Mindretalet på gruppedlem stemte for at turrennet Sesilåmi blir lagt ned etter at gjeldande dispensasjon til motorferdsel går ut.

To gruppedlem stemte blankt, då dei meinte dei ikkje hadde et godt nok faktagrunnlag til å vurdera saka.

Faggruppa vil ikkje tilrå at turrennet Skoræ rundt eller stiløpet Hovden Ultra leggest ned. Arrangementa har lite deltaking og medfører ikkje nemneverdig forstyrring av villrein i si noverande form. Ein bør heller konsentrere seg om tiltak som har større innverknad på villreinens arealbruk.

Eit gruppedlem stemte for nedlegging av begge arrangementa.

## **Innføring av generell bandtvang og restriksjonar på trening av jakthundar**

Det har komme inn forslag gjennom innspelsløyninga om innføring av bandtvang i villreinområdet heile året for ikkje arbeidande hundar, samt innføring av restriksjonsområde eller generelle

restriksjonar for trening av hund utanom jakttid. Ein veit ikkje nøyaktig kor stor forstyrning hundar medfører for villreinen, men dette er i stor grad ei unødig forstyrning som bør unngår.

#### Tilråding frå faggruppa

Faggruppa har ikkje nok kunnskap om kva for innverknad desse tiltaka har på villreinen eller kva for andre konsekvensar desse tiltaka vil ha. Desse tiltaka er derfor ikkje realitetsvurdert av faggruppa, men ein tilrår at det arbeidast med å få på plass eit betre kunnskapsgrunnlag.

#### Motorferdsel og tiltak langs vegar

Motorferdsel vil i mange tilfelle medføre forstyrring av villrein. Kor alvorleg denne forstyringa er vil avhenge av frekvens, varigheit og lokalisering i høve til villreinens funksjonsområde. Størst negative konsekvensar for villreinen er forstyrring i trekkområde, vinterbeiteområde og sommarbeiteområde med snøfenner. Motorferdsla i villreinområdet er til dels svært omfattande. Til dømes blir det i verneområda i SVR gjennomført til saman om lag 2500 unike snøskuterturar kvart år, og løypestrekningane med størst belastning har over 100 passeringar med snøskuter kvar sesong. Dei fire siste år har kondisjonen til villreinstamma hatt ein negativ utvikling på måleparameterane «slaktevekt på simlekalv» og «tal på kvalv pr 100 simle/ungdyr». Om denne utviklinga held fram står villreinområde i fare for å komme ut i raudt på delnorm 1 «bestandsforhold» i neste klassifisering etter kvalitetsnormen i 2026. Denne negative utviklinga i kondisjonen kan mellom anna tyde på at villreinstamma ikkje har tilgang på nok beiteareal og/eller redusert beitetid på grunn av forstyrring.

#### **Reduksjon og samordning av motorferdsel i område som er viktig for villreinen**

##### Tilråding frå faggruppa

Faggruppa tilrår samrøystes desse tiltaka for å redusere motorferdsla i villreinområde:

Motorisert transport med snøskuter og helikopter må samordnast betre. Viktige aktørar som kraftselskap, Statnett, beitenæring, turistforeiningar, Statskog og fjellstyre har eit sjølvstendig ansvar for samordne sin transport med andre aktuelle aktørar. Kommunane og Verneområdestyret for SVR skal legge til rette for ei slik samordning og stille krav om dette i sine dispensasjonar.

Øvingar i regi av forsvaret, politiet og redningsgrupper skal leggast utanfor område som blir brukt av villreinen. I verna areal må ikkje Verneområdestyret for SVR gi dispensasjon til slik verksemd. Utanfor verna areal må statsforvaltarane aktivt bruke sine heimlar. Informasjon og dialog vil og være viktig for å unngå at slike øvingar blir lagt til feil stader.

I område som er særleg viktige for villreinen bør talet på snøskutertransportar og helikopterlandingar reduserast. Verneområdestyret for SVR bør få på plass nye retningslinjer i den kommande revisjonen av forvaltningsplanen. Her må det vurderast om eit standard snøskuterløype skal reduserast frå 8 turar i året som er dagens praksis til 5 turar. Alle aktuelle kommunar må gjere tilsvarande vurderingar.

Kommunar og Verneområdestyret for SVR må skaffe nødvendig kunnskap og vurdere om transport med snøskuter i viktige vinterbeiteområde i størst mogleg grad skal erstattast med helikoptertransport om sommaren.

Ordninga med helikoptertransport av felt villrein frå faste landingsplassar i verneområda bør avskaffast.

## **Reduksjon av SNO og NINA si motorferdsel i område som er særleg viktig for villreinen**

All motorferdsel i villreinområde vil kunne medføre forstyrring. Dette gjeld og SNO sin motorferdsel i samband med mellom anna rovdryrovervaking, villreinovervaking, tilsyn og kontroll. Det har og komme inn fleire forslag tiltak i den opne innspelsløyninga som går ut på å avgrense denne motorferdsla. Dette gjeld og NINA og villreinlaga si motorferdsel i samband med mellom anna totalteljing, kalveteljing, strukturteljing og GPS-merking.

Det er gjort sentrale politiske vedtak om forvaltning av store rovdyr i Sone 1 og 2. Oppfølging av disse vil være vanskeleg utan bruk av motoriserte hjelpemiddel. Disse områda er prioriterte beiteområde for sau, og et viktig spiskammers for matproduksjon i Norsk utmark. En restriktiv bruk av t.d snøskuter vil skape større konflikt mellom rovdyr og beitenæringa. En del av tilsyn og kontroll med verneverdiane i verneområda går og føre seg i ein kombinasjon med kartlegging og registrering av rovvilt. Korleis kontroll med ulovleg motorferdsel vinterstid blir påverka av en restriktiv bruk frå oppsynets side må også vurderast.

### Tilråding frå faggruppa

SNO og NINA utfører oppdrag frå overordna mynde. Det vil ha store negative konsekvensar for beitenæring og villreinforvaltning om verksemda reduserast. Faggruppa vil ikkje tilrå tiltaket.

## **E-134 over Haukelifjell**

### Tilråding frå faggruppa

Ein lang tunell over Haukelifjell vil være den beste løysinga for villreinen og dette alternativet bør veljast. Om lang tunell ikkje er aktuell, må det byggast ein villreinpassasje i form av tunelloverbygg eller ein separat tunell på strekninga Ulevå-Peparsteinen. Det er særleg strekninga vestover frå Ulevå som bør prioriterast.

Utviklinga i CWD situasjonen på Hardangervidda vil være heilt avgjerande for om tiltaket skal gjennomførast.

## **Ikkje tillate ny verksemd langs vegar gjennom trekkområde**

### Tilråding frå faggruppa

Ved riksvegar, fylkesvegar, kommunale vegar og anleggsvegar som går gjennom kjente trekkpassasjar skal det ikkje tillast ny aktivitet som kan medføre forstyrring av villrein. Dette vil omfatte aktivitetar som bygging av hytter og andre installasjonar, massetak, parkeringsplassar m.v, og gjelde for stader som Lundane (Rv9), Byklestøylane-Skarsmo (Rv9), Andersvatn (Lysevegen), Vardsvatnet-Kvislevasskaret (Brokke-Suleskardvegen)

### Ferdsel ut frå hyttefelt

Det ligg fleire store hyttefelt rundt villreinområda med til saman meir enn 10.000 hytter. Dette medfører stor ferdsel ut frå desse hytteområda både sommar og vinter. Denne ferdsla følger i stor grad etablerte stiar og løyper både frå turistforeiningane og andre aktørar. I tillegg kjem det ein god del ferdsel utanom dette sti- og løypenettet.

Ferdslar ut frå desse hytteområda skapar mykje forstyrring av villrein. I nærområda til hyttefelta finns det knapt villrein sjølv om beitetilhøva kan være gode. Nokre stader vil og denne ferdsla medføre forstyrring av villrein i område som dyra brukar i dag.

Det vil derfor være stort behov for tiltak knytt til informasjon, tilrettelegging, kanalisering og styring av denne ferdsla.

Faggruppe-Ferdslar har i liten grad fått drøfta slike tiltak. Dette skyldast delvis mangel på tid og delvis at det har vore tidkrevjande og skaffe eit godt kunnskapsgrunnlag. Utover hausten vil faggruppa få tilgang til ferdselsdata frå Strava som er lagt til rette av NINA. Ein håpar derfor at det vil bli høve for faggruppa å spele inn forslag til tiltak etter at fristen for innlevering har gått ut.

## Referansar

*Ferdslar i to fokusområder i Setesdal – Ryfylke villreinområde. NINA rapport 1676. 2019*

*Villreinforum Setesdal Ryfylke. Samarbeidsarena for avbøtende tiltak i villrein fjellet. NVS notat 13/2022*

*Ferdslarstilling Setesdal – Ryfylkeheiene. Sommeren 2022. NINA prosjektnotat 2023.*

*Renewable Reindeer. Kort oversikt over sluttresultat. Presentasjon M. Panzacchi NINA. Jan 2022.*

*Villreinens bruk av Setesdalsheiene. Sluttrapport fra GPS-merkeprosjektet 2006 – 2010. NINA rapport 694.*

*GPS villreinprosjektet i Setesdal Ryfylke. Avbøtende tiltak. NINA rapport 1457. 2019*